



Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 17/4716-3

## **Høyring - forslag til program for konsekvensutgreiing for olje- og gassfeltet Garantiana**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å vedta slik fråsegn:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at framlegg til konsekvensutgreiingsprogram (KU-program), supplert med kommentarar frå relevante faginstansar, vil sikre at viktige miljø- og fiskerifaglege spørsmål blir handtert på ein tilfredsstillande måte. Vi vil konsentrere fråsegna rundt spørsmål om samfunnsmessige verknader gjennom følgjande kommentarar:

1. Ein stor del av norsk petroleumsproduksjon skjer utanfor Sogn og Fjordane. Det er ein ubalanse mellom produksjon og aktivitet på land. Over tid er det opparbeidd kapasitet og kompetanse som gjev eit godt grunnlag for å ta på seg nye oppgåver. Flora kommune, som er vertskommune for forsynings- og helikopterbase og den nest største kommunen i fylket, er svært avhengig av sysselsettinga i petroleumsindustrien. Forsyningar, persontransport og driftsstøtte til eksisterande og nye felt i Nordleg del av Nordsjøen spelar ei avgjerande rolle for funksjonsbreidde og konkurransenve. Alle dei skisserte utbyggingsalternativa vil medføre mykje aktivitet, og drifts- og basetenester for dei ulike prosjektfasarar må adresserast uansett løysing.
2. Florø har tilgjengeleg infrastruktur og lang erfaring som drifts-, forsynings- og helikopter-base og som stad for lagring og vedlikehald av utstyr, deriblant avansert subseautstyr. Tre operatørselskap har i utgangspunktet aktivitet i og ut frå Florø, som ligg svært sentralt plassert i høve Garantiana. Det ligg difor godt til rette for effektive samarbeidsløysingar. Vi ber om at operatøren drar vekslar på desse moglegeheitene og greier ut korleis dette vil bli handtert.
3. Lokalisering av driftsorganisasjon er viktig med omsyn til kompetansearbeidsplassar og næringsutvikling lokalt. Vi ber om at operatøren greier ut kva driftsoppgåver som kan utviklast hos oss.
4. I slike utbyggingsprosjekt vil mykje av aktiviteten skje i regi av store underleverandørar. Rettidig og relevant kontakt med desse, i tillegg til med operatørselskap, er avgjerande for at lokal leverandørindustri skal kome i inngrep med konkurransedyktige løysingar. Her vil operatøren spele ei svært viktig rolle. Vi ber om at operatøren legg til rette for at lokal leverandørindustri får best mogleg føresetnader for å delta i prosjekt- og i påfølgjande driftsfase, og at tilnærminga blir synleggjort i konsekvensutgreiinga.
5. Det er naturleg at vi er aktive bidragsytarar på fleire av dei punkt som her er nemnde. I samband med planar for utbygging og drift av Knarrfeltet (tidlegare Jordbærfeltet) utarbeidde vi eit regionalt bidrag til arbeid med lokaliseringssstudie, og vi erfarte ei inkluderande haldning frå operatørselskapet. Vi ber om at det vert lagt til rette for ein open og konstruktiv dialog, slik at vi er trygge på at tilsvarande og oppdatert kunnskapsgrunnlag vert lagt til grunn i den vidare prosessen. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å ta rolla som regionalt kontaktpunkt i forhold til dette.
6. Elektrifisering er eit viktig element i forhold til utvikling av sentral fysisk infrastruktur. Skulle vidare utgreiingar gje rom for å innfri politiske målsettingar om kraft frå land, så bør arbeidet

ta utgangspunkt i at krafta skal hentast frå Sogn og Fjordane. Tidleg involvering av regionalt nettselskap blir i tilfelle viktig.

## SAKSFRAMSTILLING


### Om prosjektet

Som operatør for olje- og gassfeltet Garantiana, har Total E&P Norge AS sendt konsekvensutgreiingsprogram (KU-program) på høyring. KU-program og oversendingsbrev ligg på

[http://www.total.no/sites/default/files/atoms/files/total\\_garantiana-forslag\\_til\\_program\\_for\\_konsekvensutredning\\_.pdf](http://www.total.no/sites/default/files/atoms/files/total_garantiana-forslag_til_program_for_konsekvensutredning_.pdf).

Høyringsbrevet er datert 5. mai med ein frist på åtte veker (30. juni).

Ei konsekvensutgreiing har som føremål å gjere greie for verknadane eit utbyggingsprosjekt har på miljø, naturressursar, kulturminne og samfunn. Konsekvensutgreiinga er ein del av Plan for utbygging og drift (PUD) og/eller Plan for anlegg og drift (PAD). Prosessen er skissert som følgjer.



Figur 1. Skjematisk framstilling av utgreiingsprosess og sakshandsaming for konsekvensutgreiing for utbygging og drift av Garantiana.

Framdriftsplanen tilseier fastsetting av utgreiingsprogram 3. kvartal 2017, konsekvensutgreiing på høyring 4. kvartal 2017, innsending av plan for utbygging, anlegg og drift i løpet av 2018 og godkjenning av PUD (også) i løpet av 2018.

Total E&P Norge AS eig 40 prosent av lisensen. Dei andre lisensdeltakarane er Aker BP ASA (30 %) og Point Resources AS (30 %).

Garantiana er eit olje- og gassfunn i den nordlege delen av Nordsjøen som ligg i utvinnings-løyve 554 i blokk 34/6. Funnet vart oppdagat i 2012. Kortaste avstand til kystlinje er 97 km (øygrupper utanfor Florø) og kortaste avstand til fastlandet er 118 km. Avstanden til Bergen er ca 185 km.

Funnet er anslått å innehalde 11 - 14 millionar Sm<sup>3</sup> olje og 0,5 - 0,6 milliardar Sm<sup>3</sup> gass. Levetida til feltet er rekna til 10 - 15 år. Ein ventar å ta konseptval i september 2017. Følgjande utbyggingsløysingar for Garantiana vert vurdert:

- Sjølvstendig utbygging med eit flytande produksjonsskip, ofte omtalt som ein FPSO (Floating production, storage and offloading)
- Havbotnutbygging med tilknyting til Knarr for prosess og eksport
- Havbotnutbygging med tilknyting til Visund for prosess og eksport
- Havbotnutbygging med tilknyting til Gullfaks for prosess og eksport

Dei aktuelle vertsfelta Knarr, Visund og Gullfaks ligg høvesvis 23, 29 og 52 km unna Garantiana.

Tilrådd borekonsept inneber boring av tre produksjonsbrønnar og tre vassinjeksjonsbrønnar. Boringa vil bli gjennomført med ein halvt nedsenkbar borerigg over ein periode på halvanna år. Kaks frå boring med vassbasert borevæske vil bli sleppt ut på feltet. Eventuell oljebasert borekaks vil bli frakta til land for forsvarleg handtering.

Dei totale investeringskostnadane for utvikling av Garantiana er avhengig av vald utbyggingsløysing, men er venta å liggje mellom fem og ti milliardar kr. Terskelverdien for handsaming i Stortinget er 20 milliardar kr. Planane for Garantiana vert difor truleg endeleg godkjent av Olje- og energidepartementet. Investerings- og driftskostnadene vil bli gjort nærmere greie for i konsekvensutgreiinga. Det står vidare at konsekvensutgreiinga også vil adressere drifts- og basetenester dersom det vert tilrådd ei løysing med sjølvstendig utbygging.

Når det gjeld fysisk framdrift reknar utbyggjar med boring i 2019 og 2020, installasjon sommaren 2020, ferdigstilling tredje kvartal 2020 og produksjonsstart 2020/2021.

## **Vurdering**

Det er gjort mange interessante funn av petroleum utanfor Sogn og Fjordane. Oljedirektoratet har gitt tydelege signal om at det må vere godt samvirke mellom ulike lisensar, slik at ein i sum får gode og fleksible løysingar som sikrar høg utvinninggrad. Dette tilseier at det truleg ikkje blir mange nye frittståande utbyggingar i området.

I denne saka er det førebels ikkje teke eit konseptval. To hovudalternativ er lanserte. Tilknyting til Knarr, Visund eller Gullfaks, eller ei frittståande utbygging. Ei frittståande utbygging tilseier meir aktivitet (mellan anna ein ny installasjon, i dette tilfellet ein FPSO, å forsyne gjennom levetida), mens tilknyting til andre felt styrkjer aktiviteten der.

Uavhengig av løysing er det viktig å sikre at dette blir eit Sogn og Fjordane-prosjekt. Garantiana ligg i vårt absolutte nærområde. Vi har i dag ein infrastruktur for å understøtte aktiviteten i dette området. Grunnlaget for å få til gode og effektive samarbeidsløysingar mellom operatørselskapene burde difor vere det aller beste.

Erfaringane frå utbygging og drift av Gjøa, og i den seinare tid også Knarr, tilseier at det å få fleire operatørselskap til å etablere aktivitet lokalt, betyr mykje og tilfører ny dynamikk og ringverknader utover det volumet i seg sjølv tilseier.

## **Konklusjon**

Ut frå lokaliseringa i Nordleg Nordsjø nær andre felt som vi har aktivitet knytt til, er Garantiana eit felt som det er strategisk viktig å forankre i Sogn og Fjordane.

Eit KU-program er normalt ganske detaljert når det gjeld ymse miljøspørsmål. Dette er tilfelle også her. Derimot er dei forhold som gjeld andre samfunnsmessige effektar, og då ikkje minst på lokalt og regionalt nivå, mindre utførleg omtala. Det blir difor tilrådd å konsentrere fråsegna rundt dette.

Framlegg til fråsegn til KU-program er gjennomgått av petroleumsrådet og i tråd med deira kommentarar.